

Møtebok for styremøte i ungdomsstyret i Ryfylke

Tid: Mandag 8. desember 2025 kl.17:00-19:00

Stad: Fiskepiren, backstage

Desse møtte:

Ingrid Fatnes, rep. Sauda kommune
Arin Eiriksønn, rep. Suldal
Joel Nag, rep. Strand kommune
Anne Bratthammer, rep. Strand
Tiril Espedal, rep. Sandnes kommune
Peder Krokedal, rep. Hjelmeland kommune
Brede Krogedal, vara Sandnes kommune

Administrasjonen:

Andrea Hebnes Tobekk, Ryfylke IKS
Janet Jørmeland, Ryfylke IKS

Forfall:

Martine Hocking, vara Sauda kommune
Maja Kristin Janson Jordal, vara Sauda
Johan Kilane, vara Suldal kommune
Nora Østerbø, vara Suldal
Gabriel Havrevold, vara Strand
Marte Hovda, vara Hjelmeland kommune
Øyvind Opdahl Viga, vara Hjelmeland
Eivind Hustveit, rep. Sauda
Elise Svæven Oaland, rep. Hjelmeland

RYFYLKE

Ein attraktiv region der
folk vil bu og arbeide



Saksliste

Sak 32/25	Godkjenning innkalling og møtebok frå møte 12.09.25	3
Sak 33/25	Utbygting av styre	3
Sak 34/25	Årshjul 2026	4
Sak 35/25	Heim te Ryfylke	4
Sak 36/25	RyRekrutt 2026	5
Sak 37/25	Lage innhald til So-Me	5
Sak 31/25	Eventuelt	6

Sak 32/25 Godkjenning innkalling og møtebok frå møte 12.09.25

Møteboka frå møtet 12.09.25 ligg ved.

▲ Vedtak:

Styret godkjenner møtebok frå møte 12.09.2025, innkalling og saksliste.

Styret presiserer at det er kvar enkelt sitt ansvar å følgje med på møteinnkallingar og informasjon som blir sendt ut. For å betre informasjonsflyten blir det sendt påminning i Messenger-gruppa i forkant av styremøta.

Sak 33/25 Utbyting av styre

Ungdomsstyret er sett saman av ein representant frå kvart ungdomsråd i kommunane, samt ein representant frå kvar kommune vald av representantskapet. I dag er det ønske om at medlemmane i Ungdomsstyret blir valde for ein periode på to år.

Ungdomsråda har ulike ordningar for utskifting av sine medlemmar, og desse samsvarar ikkje alltid med perioden i Ungdomsstyret. Dette gjer at samansetninga av styret blir ujamn og lite samkøyrd over tid.

Administrasjonen legg derfor fram eit forslag til ny ordning:

- Representantar valde av representantskapet blir valde for ein periode på to år.
- Representantar frå ungdomsråda sit i Ungdomsstyret for den perioden dei er valde inn i sitt lokale ungdomsråd.

Dette sikrar at kvar periode i Ungdomsstyret er eit aktivt val, og at ungdomsråda sjølve tek ansvar for kven dei ønskjer å senda vidare som representant.

Styret blir invitert til å drøfta forslaget og koma med innspel.

▲ Vedtak:

1. Styret godkjenner ny ordning for utskifting av medlemmar i Ungdomsstyret slik ho er foreslått:
2. Styret ønskjer at det vert gjennomført ei form for overføring/opplæring for nye medlemmar, der leiar eller annan representant frå same kommune bidreg i oppstarten.
3. Styret oppmodar deltakerane til å vurdere gjenval der det er mogleg, for å sikra kontinuitet og erfaring i styret.

4. Styret ber administrasjonen ta opp spørsmål med representantskapet om aldersgrensa på 20 år, og om det er mogleg for dei som ikkje lenger kan sitja i ungdomsråd, å bli valde inn via representantskapet.

Sak 34/25 Årshjul 2026

Forslag til møteplan blir laga når møteplanen for representantskapet blir offentleggjort.

Forslag til fyrste styremøte i 2026:

26. januar 2026

▲ Vedtak:

Styre godkjenner møtedato.

Sak 35/25 Heim te Ryfylke

Ny prosjektleiar

Janet Jørmeland (40), frå Hjelmeland, er tilsett som ny prosjektleiar i Ryfylke IKS for *Heim te Ryfylke*. Ho starta i rolla i oktober og tok over det vidare arbeidet med prosjektet.

Status i prosjekt

Advania har den siste perioden arbeidd med fleire designretningar for løysinga. For å sikre at me vel den retninga som faktisk treffer dei unge, gjennomførte me ei undersøking der ungdommar svarte på kva uttrykk, fargar og ikoner dei likar. På bakgrunn av desse funna jobbar Advania no vidare med designutvikling av resten av sida.

I januar planlegg me ein workshop i kvar kommune for å få innspel til testversjonen av løysinga, samt gjennomføre egen testing med ungdommar.

▲ Vedtak:

Styret tek saka til orientering og kjem med innspel om ungdommar som kan delta i brukartesting av portalen.

Sak 36/25 RyRekrutt 2026

Planlegginga av RyRekrutt 2026 er i gang, og Ungdomsstyret er ein viktig del av gjennomføringa. Administrasjonen vil gi ei kort orientering om status og vegen vidare.

Det er behov for å avklare:

- Kven frå styret som ønskjer å vera konferansier under arrangementet.
- Deltaking frå styret på stands mot vidaregåande skular og universitet i forkant av RyRekrutt.

Framlegg til vedtak:

Styret tek saka til orientering og kjem med innspel til vidare planlegging.

Følgjande melde interesse for rolle som konferansier:
Peder, Ingrid, Arin og Tiril.

Administrasjonen tek kontakt med aktuelle kandidatar for opning av arrangementet.

Styret melder følgjande deltaking på stand:

- Strand VGs: Anne og Joel
- Sauda VGs: Ingrid

Spørsmål om t-skjorter og vidare involvering blir teke med vidare i planlegginga

Sak 37/25 Lage innhald til So-Me

For å styrka synlegheita til RyRekrutt og Heim te Ryfylke er det ønskeleg å leggja meir vekt på bruk av sosiale medium. Ungdomsstyret kan spele ei sentral rolle i dette arbeidet, gjennom personleg og engasjerande innhald.

Det skal drøftast:

- Produksjon av korte videoar med styremedlemmene i samband med RyRekrutt.
- Forslag om «Heim te Ryfylke-veka» der styremedlemmene «vloggar» frå kvardagen sin.
- Vidare bruk av TikTok som kanal.

Administrasjonen ønskjer innspel frå styret på kva dei ønskjer å bidra med, og kva som er realistisk å gjennomføra.

Vedtak:

Styret gir innspel til administrasjonen om kva dei ønskjer å bidra med i sosiale medium og kva som er realistisk å gjennomføra.

Styret støttar følgjande tiltak:

- Produksjon av korte videoar med styremedlemma i samband med RyRekrutt.
- Gjennomføring av «Heim te Ryfylke-veka», der styremedlem tek ansvar for innhald kvar si veke.

Administrasjonen utarbeider ein plan for publisering som blir lagt fram på neste styremøte.

Styret ønskjer òg at bedrifter blir meir synlege gjennom korte videoar der dei viser arbeidskvardagen sin, kva kompetanse dei treng og kva moglegheiter som finst. Innhald frå sommarjobbturneen blir brukt aktivt og lagt inn i vekeplanen.

Sak 31/25 Eventuelt

Janet orienterte om materiale knytt til sommarjobbturneen. Ingrid og Joel tek ansvar for å henga opp materiell på skulane.



Ungdomsstyret i Ryfylke

Ungdomsstyret består av medlemmar frå alle kommunane i Ryfylke. Styret skal vera ein viktig pådrivar for å auka deltaking av unge i utviklinga av Ryfylke-regionen. Dette inkluderer å bidra til å byggja gode møtestader og å styrkja Ryfylke sin posisjon som ein attraktiv plass å bu og arbeide for ungdom.